



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
07.09.2017
Dykkar dato
21.06.2017

Vår referanse
2017/8080 421.3
Dykkar referanse
15/2147

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Uttale - oppstartsmelding - høyring av planprogram - Lindås - kommunedelplan - Knarvik Alversund med Alverstraumen

Vi viser til brev av 21.06.2017, med framlegg til planprogram og oppstart av kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen.

Planarbeidet omfattar revisjon av kommunedelplan for Knarvik- Alversund og kommunedelplan for Alverstraumen. Dei to kommunedelplanane vert slått saman til eitt planområde i tillegg til at planområdet vert utvida mot nord. Hovudmål med planarbeidet er å leggje til rette for venta vekst i folketalet i regionsenteret med omland og førebu kommunesamanslåing. Det er dei overordna strukturane som vil ha hovudmerksemd. Viktige tema er regionsenterutvikling, samordna areal og transportplanlegging, bustad, næring, landbruk, natur og friluftsliv, kulturarv, miljø og tilpassing til endra klima. Det skal leggjast til rette for å styrkje forbindelsane for gåande og syklande og sikra tilstrekkeleg areal til friluftsliv og rekreasjon i nærleiken av der folk bur.

Fylkesmannen si vurdering

Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosess, medverknad og behov for utgreiingar, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 4-1 andre ledd. Det er Fylkesmannen si vurdering at det er gjort mykje bra arbeid med planprogrammet for kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen. Vi har nokre kommentarar til planprogrammet og vidare arbeid med kommunedelplanen.

Bustad

Fylkesmannen er positiv til at planprogrammet legg vekt på at hovudtyngda av bustadbygginga bør skje i Knarvik. Dei sentrale tema som er lista opp under overskrifta bustad, er gode punkt å arbeide vidare med. For å få ynskja bustadutvikling i området er det viktig å ha klart for seg kva bustadareal ein har og kor mykje som er naudsynt. Vi meiner det er svært positivt at kommunen har tenkt å vurdere om det er fornuftig å ta ut nokre bustadområde som er i kommunedelplanen i dag. Vi er også positive til at konsekvensutgreiinga skal ha sosial infrastruktur som tema. Fylkesmannen meiner at kommunen i den vidare prosessen må beskrive dagens bustadsituasjon godt og lage eit arealrekneskap.

Vi kan ikkje sjå at flyktningar er nemnt i planprogrammet. Kommunane i Hordaland skal busette flyktningar i samsvar med dei nasjonale måla for rask busetting. Planarbeidet i kommunane er ein av reiskapane for å få til god busetting av flyktningar over tid. Vi ber difor kommunen om å vurdere om denne planen er eigna for å få busett flyktningar.

Nasjonale retningslinjer

Under punkt 6.1 i planprogrammet manglar Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga. Desse må takast med.

ROS-analyse

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. pbl § 3-1 bokstav h. Pbl § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK10) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. Fylkesmannen legg til grunn at akseptkriteria må vera minst like strenge som for flaum og skred. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Fylkesmannen gjerne på møte med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Egil Hauge
fagdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen